

# Sykehuskirken, preste– og samtaletjenesten

## KIRKEN

Sykehuskirken finner du i 1.etg. ved heisen i det gamle sykehusbygget. Fra Nye Haraldsplass finner du veien til kirken ved å ta heisen til 2. etg., gå over "broen" og ta heis eller trapp ned til 1. etg. Kirkerommet er alltid åpent, og du kan tenne et lys eller bare ha en stille stund for deg selv. Trenger du assistanse for å komme til kirken vil personalet eller frivillige følge deg dit.

Det er gudstjeneste med nattverd kl 11:00 de fleste søndager. Dersom du ønsker nattverd på rommet, sier du fra til personalet som formidler beskjed til presten.

## SAMTALER OG SJELESORG

**Sykehusprestens viktigste oppgave er å være tilgjengelig for deg og dine pårørende for dialog og samtalestøtte i din aktuelle livssituasjon.** Stort eller lite spiller ingen rolle, å være innlagt på sykehus kan av forskjellige årsaker utløse behov for samtale og refleksjon. Presten har selv sagt taushetsplikt. Vi formidler også kontakt med prest / samtalepartner fra andre tros- og livssynssamfunn.

På Haraldsplass er vi tre prester som er tilgjengelig alle dager fra 0800 - 2000. Om ønskelig kan pleiepersonalet formidle kontakt, eller du kan ringe prestens vakttelefon som er angitt nedenfor.

Hilsen sykehusprestene

Karl Hjelmeland , John Kristian Rolfsnes og Kristin Lødøen Hope



**Haraldsplass**  
Diakonale sykehus

**i**

Vil du ha mer informasjon  
eller trenger du å snakke med oss?

Tlf: 922 07 527  
[www.haraldsplass.no](http://www.haraldsplass.no)  
Søk :prestetjenester

# Søndagshilsen

## 01.11.2020

## Allehelgensdag



**Det er for tiden ikke gudstjenester i  
Sykehuskirken på Haraldsplass!**

**Mange lokale kirker og kirkesamfunn har  
digitale gudstjeneste sendinger som kan  
streames på nett.**

# Helgemesse - Allehelgensdag 2020

Tekst: Luk 13, 22-30

1 Då Jesus såg folkemengda, gjekk han opp i fjellet. Han sette seg, og læresveinane samla seg om han. 2 Då tok han til orde og lærte dei:

3 «Sæle dei som er fattige i ånda,  
himmelriket er deira.

4 Sæle dei som sørger,  
dei skal bli trøysta.

5 Sæle dei audmjuke,  
dei skal arva jorda.

6 Sæle dei som hungrar og tørstar etter rettferda,  
dei skal bli metta.

7 Sæle dei miskunnsame,  
dei skal få miskunn.

8 Sæle dei reine i hjartet,  
dei skal sjå Gud.

9 Sæle dei som skaper fred,  
dei skal kallast Guds born.



## Dei som sørger skal bli trøysta!

Helgemessesøndag, eller Allehelgensdag som vi seier på bokmål, er ein dag då vi gjerne tenkjer på dei av våre kjære som har gått føre oss og er døde. Mange besøkjer kyrkjegardane og tener lys på gravene akkurat denne dagen. Minna kan vere mange og ulike. Vi kjenner på sorg og vemod, men også på takksemd og glede over det vi fekk ha saman.

I kyrkja er denne dagen ikkje først og fremst ein sørjedag, sjølv om vi ofte les opp namna på dei som har døydd det siste året og minnest dei. Nei, dagen har fått den kvite fargen, festfargen i kyrkja.

I Jesus Kristus har vi fått eit levande håp, Og då feirer vi på Helgemessesøndag at dei som har forlate dette livet i det håpet Jesus gjev, no har nådd fram til eit endå betre liv.

I bibelteksten frå Bergpreika som høyrer til denne søndagen erklærer Jesus dei sørjande sæle, det vil seie lukkelege. Sorg er vel i seg sjølv knapt noko lukke. I alle fall kjennest det tvert om. Sorg er slitsomt, tungt og trøyttande. Sorga kan komme som ei mørk sky som legg seg over livet.

Når Jesus erklærer dei sørjande for sæle, er det fordi det ventar noko betre. Dei skal bli trøysta. Og trøyst kan vi trenge mange gonger. Ein arm om skuldra, ein klem. Mange saknar det i desse tider.

Jesus opnar vindaugen til eit liv på den andre sida der trøysta, gleda og kjærleiken skal fylle alt.

God helg!

Karl Hjelmeland

Sjukehusprest